

ÅRSMØTE I BONDEUNGDOMSLAGET I MOLDE

på Reknes Ungdomshus onsdag, 5. desember 2007 kl 1930.

Møtet vart åpna av Noralv Bell - 10 røysteføre (seinare 11) var til stades.

Det kom ingen merknader til innkallinga - samrøystes godkjend.

Val av møteleiing m.v.:

Til møteleiar: Noralv Bell

Til referentar: Lars Staurset og Arild Horrstad

Til å skrive under protokollen: Arild Jacobsen og Sylvfest Bell.

Sakliste:

1. Formalitetar
2. Årsmeldingar
3. Orientering frå Reknes Ungdomshus
4. Rekneskap
5. Budsjett
6. Innkomne saker
7. Val

Det kom ingen merknader til saklista - samrøystes godkjend.

Sak 2: Årsmeldingar

Randi Reppe Bell las årsmeldinga frå styret som vart godkjend med merknad om at medlemstalet er 43. Lars Staurset fekk applaus for arbeidet med nettsida.

Sylvfest Bell las årsmeldinga frå hyttenemnda som vart godkjend utan merknader etter spørsmål om leiga førre året.

Sak 3: Orientering frå Reknes Ungdomshus

Skriftleg orientering frå Reknes Ungdomshus er vedlagt. Byrge Fitje orienterte og svarte på spørsmål. Byrge og Valter fekk ros og applaus for arbeidet med Reknes.

Sak 4: Rekneskap

Rekneskapsføraren orienterte om rekneskapen og svarte på spørsmål. Etter at revisorberetninga var referert av Arild Jacobsen vart rekneskapen godkjent.

Sak 5: Budsjett.

Styret sitt framlegg til budsjett blei vedteke uendra.

Sak 6: Innkomne saker

Det var ingen innkomne saker.

Sak 7: Val.

Arbeidsutvalet vart deretter attvalgt for 1 år:

Kirsten Aure
Noralv Bell
Randi Reppe Bell
Lars Staurset
Varamedlem: Torill Steien.

Hyttestyret

Ingeborg Kleivset og Arild Horrstad blei attvalgt for 2 år
Varamedlem: Alf Kåre Nordhaug attvalgt for 1 år

Revisorane tok attval:

Arild Jacobsen med personleg vara Marte Trondsen
Bente Dyrnes Aarø med ny personleg vara Atle Bell.

Takk og ære

Ved møteslutt fekk Arild Horrstad julestjerne som takk for arbeidet med rekneskapen. Leikleiar Irene Møllersen Bell fekk julestjerne og gåvekort for innsatsen sin.

Møtet vart formelt heva ca kl 2040 før uformell del med servering.

Molde, 6. desember 2007

Arild Jacobsen

Sylvfest Bell